

Årsrapport 2019: Sykkelbyen Straume

1 Oppsummering av året

1.1 Arbeidsgruppemøter


Kvar månad har vi hatt arbeidsgruppemøte der vi har ei oppsummering av kva som har skjedd den siste månaden, samt kva som skal skje framover. Her diskuterer vi relevante sakar, og kommer med innspel til kva vi kan utføre. Desse møta er viktige, og her skal heile arbeidsgruppa delta. Per i dag har vi ikkje lykkast med å få ein representant frå kultur, noe som betyr at kultur ikkje har deltatt på desse møta.

1.2 Utvida arbeidsgruppemøte

Utvida arbeidsgruppemøte har vært fast kvar 3 månad. Her deltar også representantar frå fylkeskommunen og statens vegvesen. Vi går igjennom mykje av det same som på de ordinære arbeidsgruppemøta, men her vi moglegheit til å komme med spørsmål og avklaringar som vi treng frå fylkeskommunen og kommunen. I tillegg får Statens vegvesen og fylkeskommunen moglegheit til å følgje opp prosjektet, samt å komme med innspel.

1.3 Sykkelstativ kystbygarasjen

Det ble bestilt og sett opp sykkelstativ i kystbygarasjen, lokalisert der gang,- og sykkel-tunell møter kystbygarasjen. Resultatet ble 8 stativ, med plass til 16 syklar (Figur 1).



Figur 1: sykkelstativ i kystbygarasjen

1.4 Tilskot frå KMD

I februar vert fristen for å søke om tilskot frå KMD for utarbeiding av ein sykkelstrategi. Her kunne vi få inntil 50 % dekka av KMD. Vi søkte om midlar til inntil kr 464 875, og fekk innvilga inntil 50 % av dette beløpet.

Formålet med dette prosjektet er å samle inn data og å utføre analyser for ein framtidig sykkelstrategi i nye Øygarden kommune. Sidan vi frå og med 1.1.20 ikkje lenger verte Fjell kommune, men Øygarden kommune, vart det lite hensiktsmessig å starte på ein ny sykkelstrategi.

Søknaden ble utarbeida av prosjekteiar for sykkelbyen Straume, med rettleiing frå arbeidsgruppa. I søknaden kommer det frem at desse midlane vil bli brukt til å installere ein permanent sykkelteljar, samt to mobile teljara (figur 2) som vi kan bruke rundt på ulike teljepunkt. Teljarane vil vi bruke til å samle inn data for ein framtidig sykkelstrategi i nye Øygarden kommune. Ved hjelp av desse dataene kan vi også utarbeide diverse analyser. Til saman fekk vi eit løyvd beløp på kr 232 437, som var det beløpet vi ønskja i samsvar til kostnadsoverslaget.

Vi undersøkte kva teljarar som var truverdige, og bestilte difor teljarar frå Amparo Solutions AS. Dette selskapet har Statens vegvesen rammeavtale med. Eigne driftsfolk frå Amparo Solutions hadde også ansvar for montering. Vi hadde inne BKK som ordna med strømtilførsel og straumtilkopling. Eiga arbeidskraft ble også nytta, i form av montering av anker, gjengestenger, planlegging og inspeksjon i forkant, innkjøp, samt deltaking med lastebil med utstyr, mm.

Framdrifta på prosjektet har vært i henhold til planen. Den permanente sykkeltejaren er allereie sett opp, og den er lokalisert på Foldnesvegen, som er ein av hovudinnfartsåra inn til Straume sentrum (figur 3, figur 4).

Framover ønskjer vi å samle inn data frå den permanente teljaren. På grunn av vintervedlikehald får vi ikkje moglegheit til å plassere de mobile teljarane ute på vinterhalvåret. Desse skal difor setjast ut på bestemte lokasjona i sommarhalvåret i 2020, frå midten av april.


Ved hjelp av Eco-visio dataoverføring kan vi heile tida følgje med på antal syklistar og gåande. Eco-visio dataoverføring er eit abonnement der vi betalar eit årleg beløp. Ved hjelp av dette dataprogrammet kan vi enkelt analysere data. Så langt i november ligger dagleg gjennomsnitt på 30 syklista og 638 fotgjengarar. Prosjektet har fått positiv tilbakemelding, blant anna i lokalavisa.



Figur 2: korleis mobil sykkelteljar fungerer, figur lånt av Eco-counter brukarmanual for mobil sykkelteljar



Figur 3: oppsetjing av sykkelteljar



Figur 4: permanent sykkelteljar ferdig montert

1.5 Mobilitetskonferanse Stavanger

Ein del av tema på mobilitetskonferansen omhandla sykkel, og derfor vert det viktig å delta på denne. Denne konferansen fant sted i Stavanger den 21.3.19. Tema som bysykkel, mobilitet, hjertesoner, endring i bruk av sykkel ved innføring av bompengar, klima, nullutsleppsløysning og sykkelparkering vert blant anna snakka om.

1.6 Sykkelbynettverksmøte Eigersund

Sykkelbynettverksmøtet er eit årleg møte der prosjektleiarar for sykkelbyen skal delta i. I år vert møte i Egersund. Dette var eit 2-dagers møte, der mange viktige temaer om sykkel vert tatt opp, samt at nyttige erfaringar ble delt.

1.7 Vårkampanje

Vårkampanjen var eit samarbeid mellom Fjell kommune og Basecamp. Hovudmålet med dette prosjektet var å fremja sykkelbyen Straume, samt å fremja sykkel som framkomstmiddel. Basecamp fekk også løfta namnet sitt denne dagen, noe som er positivt for bedriftera.

Innbyggjarar kunne komme til Basecamp denne dagen og få gratis service på sin private sykkel, til ein verdi av 250 kroner. I tillegg vert det ein konkurrans for alle som kom innom, der hovudpremie var ein sykkel til ein verdi av ca. 5000 kroner. Barn kunne fiske i fiskedam og vinne ringeklokke til sykkel med barnemotiv. Vi delte ut bollar, saft og kaffi til alle som kom innom.

Vi reklamerte i forkant av vårkampanjen i lokalavisa, samt informerte rundt på Sartor storsenter, og på Fjell kommune sin heimeside og facebook-side (Figur 5). Dette ble ein vellykka dag, som vi planleggjar å vidareføre de komande årane.



Figur 5: profileringsplakat i forkant av vårkampanje

1.8 Sykkelteljing x2

Kvart år skal det utførast sykkelteljing, vår og haust. I år har vi utført teljingane i mai og i oktober. Teljedagen i oktober vert relativt ugunstig, grunna regnvær og mykje vind. Til neste år burde vi gjennomføre teljinga ved starten av september. Sykkelteljingane blei utført i makstimane, altså kl. 07.00-09.00 og 15.00-17.00.

Sykkelteljingane blir i hovudsak utført for å samle inn data, slik at vi kan lage målingar på tal syklista i regionsenteret, samt å sjå om det er auking i tal syklistar.

1.9 Kopling til sykkelbyen internettleite

I sykkelbyavtalen blir det spesifisert at vi skal opprette ei internettleite, slik at kven som helst kan lese om prosjektet. Her har vi skrevet litt info om sykkelbyen, om kvifor Fjell kommune verte sykkelby, samt om framtidige planar for sykkelbyen Straume. Her kommer også sykkelby-logoen fram (Figur 6). Du finner nettsida ved og følgje linken under.

<https://www.fjell.kommune.no/plan-bygg-og-eigedom/sykkelbyen-straume/>



Figur 6: logo for sykkelbyen Straume

1.10 Utdeling av sykkellykter

Trygg trafikk har hatt ein kampanje der dei delar ut sykkellykter til syklistar. I samband med denne kampanjen tok de kontakt med oss i Fjell kommune, og informerte om at de gjerne ønsket å dele ut sykkellykter på andre lokasjona enn i Bergen sentrum.

Utdeling av sykkellykter fant sted i slutten av november. Denne dagen vert to ildsjeler frå Trygg trafikk, Arne og Kjell, plassert ved ny sykkelteljar langs Foldnesvegen, og delte ut sykkellykter, klokken 14.00-16.00 (Figur 7).



Figur 7: UtDELING AV SYKKELLYKTER

1.11 Jobb leasing-sykkel

Sykkelen gruppa har også sett på moglegheita for jobb leasing-sykkel. Dette går ut på at tilsette i kommunen får moglegheit til å lease ein el-sykkel, med fast lønnstrekke på 450-600 kroner per månad (kjem an på anbod, og alt etter kva sykkel som er ønskjerlig). Etter 3 år kan den tilsette kjøpe ut sykkelen til en lav pris (ca. 1 200 kroner).

Dette meiner vi vil føre til fleire syklistar, då kommunen har mange tilsette, og mange av desse bur i rimelig avstand til arbeidsstad.


Vi fant ut at det er meir hensiktsmessig å starte med dette i 2020 når vi har blitt ein ny kommune. Fordelen for kommunen er at dette nesten ikkje er noe administrativt arbeid, samt lave kostnader for kommunen. Det einaste vi som kommune må gjere er ein anbodsprosess.

1.12 Pynting av P-hus på Straume

Utsatt til neste år grunna utfordring med materialvalg. Budsjetttramme: kr 10 000,-.

1.13 Oppfølging av tilskot frå Statens vegvesen til sykkeltiltak

I 2018 vart vi tildelt midlar/tilskot frå Statesvegvesen (i samråd med Hordaland fylkeskommune) til tiltak som å aukar sykkelbruken. Midlane vart øyremerka sykkeltiltak for delstrekningane 4a og 4b i fig. 8. Desse midlane vart overført til 2019. Vi har dette året jobba saman med Statens vegvesen for å få etablert sykkeltiltaka samstundes som det vert utført førebuande arbeid på Sotrasambandet i Arefjordvegen og Sartorvegen. Samtidig ser vi også på moglegheita for å få på plass sykkeltiltak på delstrekninga 7a i fig. 8. Dette er eit arbeid som vert følgd vidare opp i 2020.



Figur 8: Sykkeltiltak i regionsenteret Straume

1.14 Kartlegging av prioritering av sykkeltrasear på Straume

Sykkelgruppa har i 2019 starta opp eit arbeid der vi skal sjå på kartlagde sykkeltrasear og behovet for å prioritera desse. Samstundes ser vi på om det er enkle tiltak som kan gjera det lettare å bruka sykkel inn mot sentrum. Dette er eit arbeid som vert følgd vidare opp i 2020.

2 Økonomi

Tiltak	Beløp
Sykkelen kystbygarasjen	Kr 46 673,-
Sykkelteljara	Kr 444 082,-*/**
Mobilitetskonferanse Stavanger	Kr 5 967,-
Sykkelenettverksmøtet Egersund	Kr 5 052,-
Vårkampanje	Kr 22 643,-
Utdeling av sykkellykt	Kr 0,-

* 50 % av kostnadane vil bli tilbakebetalt (tilskotsordning KMD)

** Inkluderer eiga innsats på kr 27 392,-

Alle oppgitte prisar er eksklusiv moms.

3 Vedlegg

- Årshjul 2020: ein samla plan på kva som er planlagd for 2020.